

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Hordaland fagskulestyre</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 3. etg., Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	26.11.2015
<b>Tid:</b>	10:00

### Program:

Kl. 10.00: Handsaming styresaker

Kl. 11.00: Lunsj

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Hordaland fagskulestyre, samt ein representant frå kvart fagskuleråd. Kopi vert sendt varamedlemene og rektorane ved fagskulane til orientering. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Rektorane ved fagskulane kan møta på møta i Hordaland fagskulestyre. Rektorane må også melde forfall dersom dei ikkje møter.

Dersom nokon ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Roald Kvamme  
styreleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 37/15	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 38/15	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 39/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 8/15	Val av studentrepresentant for skuleåret 2015-16	2015/11453	
RS 9/15	Melding - høringsuttale om fagskulelova og kvalitetstilsynsforskrifta har vorte handsama i OPHE	2015/11453	
PS 40/15	Økonomisk situasjon ved Hordaland helsefagskole	2015/11453	
PS 41/15	Tilbudsstruktur for Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2016/17	2015/11453	
PS 42/15	Kvalitetsmelding for Fagskolane i Hordaland - skuleår 2014/15	2015/11453	
PS 43/15	Ymse		

PS 37/15 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 38/15 Godkjenning møtebok forrige møte

PS 39/15 Referatsaker (Meldingar)



## Notat

Dato: 03.11.2015  
Arkivsak: 2015/11453-1  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### Val av studentrepresentant for skuleåret 2015-16

I starten av september d.å. vart det gjennomført val av studentrepresentant for Hordaland fagskulestyre blant studentane ved Fagskolane i Hordaland. Valet vart gjennomført på It's learning, og resultatet vart som følgjer:

Romund Tjore, Bergen maritime fagskole	24 %
Steffan Wetherell, Bergen tekniske fagskole	70 %
Hege Andersen Angeltveit, Hordaland helsefagskole	5,20 %

Som resultatet syner vart Steffan Wetherell frå Bergen tekniske fagskole valt som studentrepresentant, medan Romund Tjore frå Bergen maritime fagskole blei vara.

Det var om lag 1150 personar som kunne stemme ved studentvalet, men det var berre 250 som gav ei stemme. Dette gjev ein svarprosent på om lag 21 %.

Det må vere eit mål å auke svarprosenten ved neste års studentval.



## Notat

Dato: 11.11.2015  
Arkivsak: 2015/11453-5  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### **Melding - høyringsuttale om fagskulelova og kvalitetstilsynsforskrifta har vorte handsama i OPHE**

Sak med høyringsuttale om fagskulelova og kvalitetsforskrifta vart handsama i Utval for opplæring og helse 10. november med høyringsfrist same dag. Saka vert handsama i Fylkesutvalet 18. november. Det er sendt førebels høyringsuttale til Kunnskapsdepartementet med varsel om at endeleg protokoll vert ettersendt.

Etter forslag frå Utval for opplæring og helse vert saka med dette oversend Hordaland fagskulestyre til orientering (sjå vedlegg).



Arkivnr: 2015/8234-2  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		10.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015

## Høyringsuttale - Forslag til endringar i fagskulelova og studiekvalitetsforskrifta

### Samandrag

Kunnskapsdepartementet fremjar forslag om endringar i *lov om fagskuleutdanning av 6. juni 2003 nr. 56* (fagskulelova) og i *forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskuleutdanning av 1. februar 2010 nr. 96* (studiekvalitetsforskrifta). Kunnskapsdepartementet meiner at endringsforslaga mellom anna vil vere med på å sikre studentane sine rettar på ein betre måte. Departementet føreslår mellom anna reglar for eksamen og sensur, utestenging og bortvisning, annullering av eksamen, skikkavurdering og krav om politiattest. Dei føreslåtte reglane er i stor grad tilnærma lik studentrettane i universitets- og høgskulelova.

### Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune støttar forslaga til endringar i fagskulelova punkt 1 - 5.1 og punkt 7 - 11.
2. Forslaga i punkt 5.2, 5.3 og 6 vert ikkje støtta slik det kjem frem av denne sak.
3. Forslaga til endringar i studiekvalitetsforskrifta vert støtta.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

### Vedlegg

- 1 Utkast til høringsnotat021213.docx(947823)

### Fylkesrådmannen, 12.10.2015

Kunnskapsdepartementet fremjar forslag om endringar i *lov om fagskuleutdanning av 6. juni 2003 nr. 56* (fagskulelova) og i *forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskuleutdanning av 1. februar 2010 nr. 96* (studiekvalitetsforskrifta) i høve til vedlagte forslag. Høyringsfrist er sett til 10. november 2015.

## Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet meiner at endringsforslaga vil vere med på å sikre studentane sine rettar på ein betre måte, klargjere og forbetre rolla til *Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen* (NOKUT), samt gjere lovverket meir føreseieleg for fagskuletilbydarar, fagskular, studentar og andre interessentar.

Departementet føreslår mellom anna reglar for eksamen og sensur, utestenging og bortvisning, annullering av eksamen, skikkavurdering og krav om politiattest. Dei føreslåtte reglane er i stor grad tilnærma lik studentrettane i universitets- og høgskulelova. Vidare føreslår departementet heimel til å etablere nasjonal klagenemnd for fagskulestudentar og nærmare reglar for fagskulen si klagenemnd. Det vert også føreslått å opprette ei ordning for godkjenning av utanlandsk fagskuleutdanning.

## Hovuddel

### Forslag til endringar i fagskulelova

Fylkesrådmannen vil tilrå at Hordaland fylkeskommune støttar følgjande forslag til endringar i fagskulelova:

#### 1. Tilhøvet til forvaltningslova og klagehandsaming

Forslag om endringar i fagskulelova i høve til forvaltningslova og klagehandsaming som presiserer reglar om enkeltvedtak, habilitet og teieplikt ved både offentlege og private fagskular.

#### 2. Registrering i Einingsregisteret

Forslag om at også statlege og offentlege fagskular skal verte registrert i Einingsregisteret. I dag er dette berre eit krav for dei private fagskulane.

#### 3. Språklege endringar – offentlig tilskot

Endring av omgrepet *statleg tilskot* til *offentleg tilskot* i § 3 andre ledd. Omgrepet *offentleg tilskot* går igjen andre stader i lova.

#### 4. Forskrift om realkompetansevurdering

Presisering av tilbydars plikt i høve til å fastsette forskrift for opptak med både formell utdanning og realkompetanse.

#### 5. Styrking av studentane sine rettar

##### *5.1 Eksamen og sensur*

Lovfesting av studentane sine rettar i høve til sensur på eksamen og klage på eksamen eller prøve tilsvarande reglane i universitets- og høgskulelova.

#### 7. Godkjenning av utanlandsk fagskuleutdanning

Forslag om å etablere ei ordning for godkjenning av utanlandsk fagskuleutdanning som NOKUT får operativt ansvar for.

#### 8. Skikkavurderingar

Forslag om at studentar ved einskilde fagskuleutdanningar skal verte omfatta av skikkavurderingar. Departementet vil på bakgrunn av ei slik endring i lova utarbeide ei forskrift med nærare reglar og kriterier om skikkavurderingar av studentar ved einskilde fagskuleutdanningar. Dette vil også gjelde kva utdanningar som gjev grunnlag for å utføre ei skikkavurdering.

9. Krav til politiattest

Forslag om at det vert stilt same krav til vandel for studentar i fagskuleutdanningar, der studentar i løpet av utdanninga kjem i kontakt med sårbare grupper, som det vert sett til studentar i høgare utdanning og utøvarar av yrket elles.

10. Gebyr for brot på føresegnene og forbod mot urett marknadsføring

Det er berre utdanningsinstitusjonar som har godkjenning av NOKUT til å driva fagskule, som kan bruke omgrepet fagskule om institusjonen. Departementet ønskjer å kunne sanksjonere mot urett bruk av fagskuleomgrepet for å sikre at studentar og andre ikkje vert villeia til å tru at dei tek ei NOKUT-godkjent utdanning.

11. Overgangsreglar

Forslag om å fjerne § 11 i fagskulelova som opphevar tidlegare lov om overgangsreglar for ei lov som ikkje lenger er gyldig.

Fylkesrådmannen vil tilrå at Hordaland fylkeskommune ikkje fullt ut støttar følgjande forslag til endringar i fagskulelova:

5. Styrking av studentane sine rettar5.2 Utestenging og bortvising

Forslag om at vedtak om utestenging eller bortvising vert fatta av styret eller ei særskilt klagenemnd.

5.3 Annullering av eksamen, prøve eller godkjenning av emne

Konkretisering av reglane om annullering av eksamen, prøve eller godkjenning av emne i fagskulelova.

6. Fagskulen si klagenemnd og forskriftsheimel om nasjonal klagenemnd for fagskulestudentar

Forslag om heimel til å opprette ei nasjonal klagenemnd som handsamar klager på enkeltvedtak i høve til disiplinære sanksjonar som bortvisning, utestenging, fusk og annullering av eksamen, prøve eller emne.

*Fylkesrådmannen sine kommentarar til punkt 5.2, 5.3 og 6:*

Det er svært positivt at fagskulestudentane sine rettar vert meir lik rettane til universitets- og høgskulestudentane; likevel er det nokre tilhøve ved lovforslaget som bør reviderast av departementet.

Styret eller ei særskild klagenemnd skal i høve forslaget handsame eventuelle klager på:

- vedtak om innpass eller fritak av anna likeverdig utdanning og kompetanse
- formelle feil ved eksamen

Styret eller ei særskild klagenemnd skal i høve forslaget gjere enkeltvedtak om:

- utestenging og bortvising
- annullering av eksamen eller prøve, og eventuelt godkjenning av emne

I høve forslaget til ny § 11 i fagskulelova skal klagenemnda ha fem medlemmer med personleg vara. Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovbestemte krav for lagdommarar (fylt 25 år og ha juridisk embetseksamen eller mastergrad i rettsvitenskap). Leiar og vara for leiar skal ikkje vere tilsett ved fagskulen. To av medlemmene skal vere studentar. Representantar for institusjonen sin eigar eller medlem av institusjonen sitt styre kan ikkje vere medlem av klagenemnda.

I forslaget er det også teke inn ein heimel for å etablere ei nasjonal klagenemnd som skal handsama klager på saker som styret, eller styret si særskilte klagenemnd, har gjort enkeltvedtak i. Dette er i saker som

utestenging, bortvising og annullering av eksamen med meir. Frå vedtak om utestenging eller bortvising er gjort, eller varsel om slikt vedtak er gitt, har studenten rett på bistand av advokat eller anna talsperson. Vidare står det i forslaget at kostnadene ved dette skal dekkast av fagskulen etter sats fastsett etter forskrift om salær frå det offentlege til advokatar. Finn styret sjølv eller ei særskilt klagenemnd at det er brukt lengre tid enn kva som er rimeleg og naudsynt, kan salæret settast ned. Dette kan igjen studenten klage på til ei felles nasjonal klagenemnd for fagskulestudentar.

I høve forslaget skal som nemnt styret eller ei særskilt klagenemnd handsama klagesaker og fatte vedtak i saker om disiplinære sanksjonar. I høve forslaget kan styret såleis velje om styret sjølv eller ei særskilt klagenemnd skal handsama desse sakene. Når styret sjølv kan vere handsamar av desse sakene, kan det oppfattast som motstridande prinsipp at styremedlem for institusjonen ikkje kan vere medlem av den særskilte klagenemnda.

Krava til samansetning av medlemmer i den særskilte klagenemnda er betrakteleg meir kostnadskrevjande i lovforslaget enn dagens ordning for særskilt klagenemnd for fagskulestyra. På bakgrunn av dette vil det vere noko meir kostnadsinnsparende at styret handsamar desse sakene sjølv. Av di dei offentlege fagskulane ofte har låge økonomiske rammer, kan det fort bli ei slik praktisering av lovverket, og krava til samansetning av den særskilte klagenemnda vert gjerne overflødig. Departementet bør gjere ei vurdering av om det er ønskjeleg at klagesaker og saker om disiplinære sanksjonar skal handsamast av styret eller ei særskilt klagenemnd, eventuelt letta på krava til samansetning av den særskilte klagenemnda jf. avsnitt over.

Den særskilte klagenemnda bør ha eit anna namn enn *særskilt klagenemnd* av di nemnda ikkje berre skal handsama klager, men også fatte vedtak i einskilde saker. Det verkar underleg at ei klagenemnd skal gjere enkeltvedtak i saker utan at det er fremja ei klage.

Det er uklart kor mange timar med advokat ein må forvente å rekne med i høve til ei klagesak på vedtak om utestenging eller bortvising. Departementet bør gje tydelegare føringar for tidsbruk. I framlegget til endring av lova er det inga avgrensing på kor lang tid ein kan nytte.

### **Forslag til endring i studiekvalitetsforskrifta**

Fylkesrådmannen vil tilrå at Hordaland fylkeskommune støttar følgjande forslag til endringar i studiekvalitetsforskrifta:

#### 12. Endring frå *retningsliner* til *forskrift*

Forslag som presiserer at NOKUT har mynde til å utarbeide forskrift.

#### 13. Karantene for tilbydar til å fremje ny søknad om godkjenning

Forslag som gjev NOKUT mynde til å gje tilbydar som har fått avslag på søknad om godkjenning av fagskuleutdanning karantene i inntil to år til å søkje om same utdanning på nytt. Dette skal gjere det mindre ressurskrevjande for NOKUT ved å hindre tilfelle der tilbydarar fremjar ny søknad raskt etter avslag med få endringar. Dette gjeld i hovudsak søknader der det er vesentlege manglar ved dei grunnleggjande føresetnadene til å driva fagskuleutdanning.

#### 14. Andre endringar

Forslag som presiserer at NOKUT har mynde til å krevje at reglementet ved fagskulane skal sikre studentane sine rettar, og at fagskulane skal ha eit system for kvalitetssikring. I tillegg vert det føreslått ei presisering av at NOKUT fastset kriteria for kompetansen til dei sakkunnige som gjer ei fagleg vurdering av søknader om fagskuleutdanningar.

## **Økonomiske og administrative konsekvensar**

Forslag til endringar i lov om fagskuleutdanning og studiekvalitetsforskrifta vil kunne medføre økonomiske konsekvensar for fagskulane eller tilbydarane i høve til advokatutgifter og klagenemnd.

Ei klagenemnd med den kompetansen/samansetninga som forslaget legg opp til, vil vere betrakteleg meir kostnadskrevjande enn det ordninga med klagenemnda for fagskulestyret er i dag.

Det er uklart kor store utgifter fagskulen vil måtte rekne med til advokatutgifter ved einkilde saker som skal handsamast av ei nasjonal klagenemnd. Slik lovforslaget står no, ser det ut til at det er inga avgrensing i høve til kor stor denne utgifta kan verte. Samtidig kan ein merke seg at slike saker er sjeldne.

## **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune støtter forslaget til endringar i fagskulelova utanom punkt 5.2, 5.3 og 6 som omtalt i saka. Vidare støtter Hordaland fylkeskommune forslaga til endringar i studiekvalitetsforskrifta.



Arkivnr: 2015/11453-4  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	40/15	26.11.2015

### Økonomisk situasjon ved Hordaland helsefagskole

#### Samandrag

Hordaland helsefagskole har dei siste åra hatt utfordringar med å oppnå økonomisk balanse i høve til helsefagskuletilboda. I 2014 gjekk helsefagskulen med eit underskot på om lag 2 millionar kroner, og i 2015 ser det ut til at det blir eit underskot på om lag 2,2 mill. Helsefagskuletilboda ved Hordaland helsefagskole blir finansiert gjennom ei eiga tilskotsordning under Helsedirektoratet. Det er fleire årsaker til at økonomien ved Hordaland helsefagskole ikkje går i balanse. Årsakene er hovudsakleg utfordringar med rekruttering og fråfall, låg studentsats og kostnadskrevjande praksisemne.

#### Forslag til vedtak

1	Følgjande tiltak vert sett i verk for å betre den økonomiske situasjonen ved Hordaland helsefagskole: <ul style="list-style-type: none"><li>• Spisse fagtilbodet – berre annonsere to til tre tilbod kvar haust.</li><li>• Starte store klassar med inntil 30 studentar, minimum 25.</li><li>• Gå i dialog med kommunane om kva tilbod som blir starta opp, ikkje gje for mange alternativ å velje mellom.</li><li>• Alle tilbod blir tilbydd i Bergen – rekruttering frå Bergen og omlandskommunane.</li><li>• Evaluere resultat av tiltaka undervegs og ha tett oppfølging og dialog i høve til kva tilbod som skal startast opp.</li></ul>
2	Eventuelle økonomiske ekstraløyvingar blir handsama i eiga sak om tilbodsstruktur for Fagskolane i Hordaland.

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 11.11.2015**

Hordaland helsefagskole har dei siste åra hatt utfordringar med å oppnå økonomisk balanse i høve til helsefagskuletilboda. I 2014 gjekk helsefagskulen med eit underskot på om lag 2 mill., og i 2015 ser det ut til at det blir eit underskot på om lag 2,2 mill. Av fellesmidlane for Fagskolane i Hordaland som administrasjonen ved Opplæringsavdelinga disponerer, blei det ved starten av året 2015 gitt ei styrking på kr 800 000. Desse midlane var restmidlar frå budsjettåret 2014, og hadde dei ikkje blitt gitt i 2015, ville skulen hatt eit underskot på 3 mill. dette året.

Helsefagskuletilboda ved Hordaland helsefagskole blir finansiert gjennom ei eiga tilskotsordning under Helsedirektoratet. Fylkeskommunane har delegert tilskotsløyve og får årleg tildelt ei ramme frå Helsedirektoratet som skal fordelast til både offentlege og private tilbydarar av godkjent helsefagskule-utdanning etter søknad. Det er Utval for opplæring og helse som skal fordela desse midlane til tilbydarar som har studentar i Hordaland. Stort sett har ikkje den tildelte ramma for Hordaland fylkeskommune blitt brukt opp, og dei resterande midlane skal betalast tilbake til Helsedirektoratet. Tilskota blir betalt ut til tilbydarane to gongar i året etter studentteljing 1. mars og 1. oktober. Såleis får ikkje tilbydarane meir midlar enn akkurat det talet på studentar som dei har i utdanning kvart semester tilseier. Studentsatsen for eitt år på heiltid er for tida kr 75 900,- for stadbasert tilbod, og kr 52 500,- for nettbasert tilbod.

### **Bakgrunn for dei økonomiske utfordringane**

Det er fleire årsaker til at økonomien ved Hordaland helsefagskole ikkje går i balanse. Årsakene er hovudsakleg utfordringar med rekruttering og fråfall, låg studentsats og kostnadskrevjande praksisemne.

#### Rekruttering

Sidan helsefagskuletilboda blei etablert under Fagskolane i Hordaland i 2008, har det vore utfordrande å rekruttere studentar. Helsefagskuletilboda generelt er lite kjent som ein vidare utdanningsveg blant kommunane. Nokre kommunar har vore aktive og ønskt eit tilbod for sine tilsette, mens andre kommunar har prioritert andre kompetansehevingstiltak (mindre kurs eller høgskuleutdanning).

Det har blitt gjennomført fleire ulike større marknadsføringstiltak for å rekruttere fleire studentar. I 2011 og 2013 blei det arrangert ein helsefagskulekonferanse for kommunane og rådgjevarar frå dei vidaregåande skulane. Den første konferansen førte til auka rekruttering, men mange av søkjarane/studentane slutta før eller like etter skulestart, og klassane blei igjen små og meir kostnadskrevjande. I 2014 blei det starta ein marknadsføringskampanje ved fagskulen som Hordaland fagskulestyre dekte ein 40 % ressurs til. Kampanjen vart driven av to lærarar ved Hordaland helsefagskole som reiste rundt til utvalde kommunar for å gå i dialog med etatsleiarar for helsetenestene. Når lærarane vitja kommunane, var dei også tilgjengelege for at helsefagarbeidarar kunne kome og få informasjon om tilboda. Kampanjen har ikkje gjeve ønskt resultat enda, men det er mogleg at ein ser resultat og får større oppslutnad neste haust.

I tillegg til konferansar og rekrutteringskampanje blir alle fagskuletilboda ved Fagskolane i Hordaland annonsert i sosiale medium og i Google. Helsefagskuletilboda har vore prioritert ved desse annonseringane. Kvart år står Fagskolane i Hordaland på stand saman ved utdanningsmessa i Grieghallen, og tidleg i 2015 blei det laga ein informasjonsfilm om Fagskolane i Hordaland som blei vist på kino fram mot søknadsfrist same år. Denne skal også gå på kino igjen vinteren 2015 og våren 2016.

#### Fråfall

Helsefagskulen har dei siste åra starta opp små klassar innan ulike helsefagskuletilbod. Ein klasse med 15 studentar er rekna som fullteikna. Tidlegare år blei det starta opp klassar med mindre enn 15 studentar av di skulen var i ein etableringsfase. Årsaka til små klassar er også at skulen har starta ein klasse som i utgangspunktet er fullteikna, og så har fleire studentar slutta anten rett før start eller like etter skulestart.

Ofte sluttar studentane fordi dei ikkje får støtte frå arbeidsgjevar i høve til fri til undervisning og tilrettelegging til praksisvekene. I tillegg er det nokre studentar som sluttar av di utdanninga er meir

arbeidskrevjande enn dei hadde sett føre seg. Konsekvensen av dette er at helsefagskulen vert bunden til å gje eit tilbod til små klassar, og finansieringa blir svært låg.

Det siste året har skulen vore meir restriktiv i høve til å gje lovnad om å starte opp eit tilbod der dei ser det kan bli ein liten klasse, og skulen har venta i det lengste til dei har sett at det er rekruttert nok studentar (15) før det blir bestemt at ein klasse blir starta opp. Likevel er det fleire studentar som har slutta like etter start, og skulen får igjen små klassar. Skulen har også vore aktiv i forkant med å informera søkjarane om kva studiet krev av studentane, og at det er viktig å avklare tilrettelegging frå arbeidsgjevar før dei startar opp.

#### Låg studentsats og oppfølging i praksis

Satsen for ein student blir fastsett av Helsedirektoratet med ei årleg prisjustering, men erfaringa med drifta av helsefagskuletilboda syner at sjølv om ein har ein fullteikna klasse på 15 studentar går ikkje økonomien rundt. Skulen har høgt kompetente lærarar, og personalet reiser fram og tilbake til dei ulike studiestadene som har undervisning. I tillegg er det kostnadskrevjande å driva oppfølging i praksisemnet. Som nemnt vert tilskota gjeve etter studentteljing kvart semester

### **Oversikt over tilbod, studiestader og studenttal**

Hordaland helsefagskole (Fusa fagskule fram til hausten 2014) har gjeve helsefagskuletilbod sidan 2008. Dei har gjennom åra fått godkjent fleire tilbod, og har i dag til saman 7 godkjende utdanningar fordelt på 8 studiestader i Hordaland.

Tabell 1 – Studenttal ved helsefagskulane hausten 2011 til hausten 2015

Fagskule	2011		2012		2013		2014		2015	
	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	
	Tal studentar									
Fitjar fagskule	21	20	37	32						
Hordaland helsefagskole	20	16	36	29	88	80	76	58	57	
<b>Sum</b>	<b>41</b>	<b>36</b>	<b>73</b>	<b>61</b>	<b>88</b>	<b>80</b>	<b>76</b>	<b>58</b>	<b>57</b>	

Kjelde: Database for statistikk om høgere utdanning (DBH)

Tabell 1 syner talet på helsefagskulestudentar frå hausten 2011 til hausten 2015. Som ein ser av tabellen, hadde Fitjar fagskule også helsefagskuletilbod fram til våren 2013. I 2013 blei tilboda ved Fitjar fagskule overført til Hordaland helsefagskole i samband med skulebruksplanen. Av tala i tabell 1 ser ein at studenttalet har vakse fram til hausten 2013, men frå våren 2014 har det vore ein nedgang. Samstundes som studenttalet har auka i nemnde periode, blei det også starta opp fleire nye utdanningar, og dette forklarar den totale auken i studenttalet.

Tabell 2 – Studenttal hausten 2013 til hausten 2015 ved Hordaland helsefagskole, studiestad Bergen

Studiestad Bergen	2013		2014		2015	
	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	
	Tal studentar					
Helse, aldring og aktiv omsorg (D)	12	13	7	6		
Kreftomsorg/lindr.pleie (D)	8	8				
Psykisk helsearbeid (D)	10	10				
Rus- og avhengigheitsproblematikk	5	5				
Spesialreinhold og sterilforsyning (D)	17	16	15	14	20	
Spesialreinhold og sterilforsyning (N)					6	
<b>Sum</b>	<b>52</b>	<b>52</b>	<b>22</b>	<b>20</b>	<b>26</b>	

Kjelde: DBH

Tabell 2 syner studenttalet ved helsefagskuletilboda til Hordaland helsefagskole ved studiestaden Bergen, periode haust 2013 til haust 2015. Tabellen syner fleire små klassar ved studiestaden Bergen. Det einaste tilbodet som har vore fullteikna i denne perioden er Spesialreinhold og sterilforsyning. Dette tilbodet vart

også fullteikna hausten 2015 då nytt kull starta opp. Dette er eit tilbod som er utvikla i tett samarbeid med Helse Bergen, og er til no det einaste godkjende tilbodet i Norge innan spesialreinhald og sterilforsyning. Hordaland helsefagskole har fått godkjenning til å gje dette tilbodet i kombinasjon med nettbasert undervisning, og har no 6 studentar frå tre ulike fylke som følgjer undervisinga saman med det stadbaserte tilbodet.

Tabell 3 – Studenttal hausten 2013 til hausten 2015 ved Hordaland helsefagskole, studiestad Fitjar

Studiestad Fitjar	2013	2014		2015	
	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
	Tal studentar				
Helse,aldring og aktiv omsorg (D)	11	9			
Rehabilitering (D)			11	6	6
<b>Sum</b>	<b>11</b>	<b>9</b>	<b>11</b>	<b>6</b>	<b>6</b>

Kjelde: DBH

Tabell 3 syner eit eksempel på at skulen har starta opp med nesten full klasse hausten 2014 (11 studentar ved Rehabilitering), og allereie våren etter er klassen nesten halvert.

Tabell 4 – Studenttal hausten 2013 til våren 2015 ved Hordaland helsefagskole, studiestad Odda

Studiestad Odda	2013	2014		2015
	Haust	Vår	Haust	Vår
	Tal studentar	Tal studentar	Tal studentar	Tal studentar
Psykisk helsearbeid (D)	12	9	9	8
<b>Sum</b>	<b>12</b>	<b>9</b>	<b>9</b>	<b>8</b>

Kjelde: DBH

Tabell 5 – Studenttal hausten 2013 til hausten 2015 ved Hordaland helsefagskole, studiestad Stend

Studiestad Stend	2013	2014		2015	
	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
	Tal studentar				
Kreftomsorg og lindrande pleie (D)	7	4	8	7	3
Psykisk helsearbeid (D)	6	6	20	11	17
Rus og avhengighetsproblematikk (D)			6	6	5
<b>Sum</b>	<b>13</b>	<b>10</b>	<b>34</b>	<b>24</b>	<b>25</b>

Kjelde: DBH

Som tabellane over syner, er tilboda svært sårbare, og det er små marginar i høve til fråfall. Dersom ein ser på tabell 5 i høve til tilbodet Psykisk helsearbeid på Stend, starta det opp 6 studentar hausten 2013. Hausten 2014 starta det opp 14 nye studentar i tillegg til dei 6 studentane som gjekk vidare til andre klasse. Våren 2015 blei dei 14 førsteårsstudentane til 6 og dei 6 andreårsstudentane blei til 5, såleis totalt 11 studentar igjen denne våren. Hausten 2015 er det 6 studentar i andre klasse, og det starta opp 11 nye studentar. I tillegg er det kome ein student som starta opp etter teljetidspunktet. Klassen som starta opp med 11 studentar (Psykisk helsearbeid) hausten 2015, er også eit eksempel på at studentar har slutta etter at tilbodet blei bestemt starta opp.

**Tiltak**

Det har vore gjennomført eit innleiande møte mellom administrasjonen ved Opplæringsavdelinga og Hordaland helsefagskole i høve til situasjonen, og eit oppfølgingsmøte der også styreleiar for fagskulestyret deltok. Etter møta er det semje om at det må gjerast større strukturelle grep for å klare å snu situasjonen til å få tilbod som er berekraftige.

Tiltaka som vert føreslått, er som følgjer:

1. Spisse fagtilbodet – berre annonsere to til tre tilbod kvar haust.
2. Starte store klassar med inntil 30 studentar, minimum 25.
3. Gå i dialog med kommunane om kva tilbod som blir starta opp, ikkje gje for mange alternativ å velje mellom.
4. Alle tilbod blir tilbydd i Bergen – rekruttering frå Bergen og omlandskommunane.
5. Evaluere resultat av tiltaka undervegs og ha tett oppfølging og dialog i høve til kva tilbod som skal startast opp.

Av di tilboda ved helsefagskolen går på deltid over to år, vil skulen ha eit etterslep økonomisk i høve til å fullføre dei små klassane. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil derfor tilrå at fagskulestyret omfordeler midlar innanfor ramma til fagskulestyret for å unngå ytterlegare underskot dei neste åra. Det er føreslått i tilbodsstrukturen for skuleåret 2016/17, som fagskulestyret skal handsame i dette møtet, at det vert omfordelt 2 mill. til Hordaland helsefagskole av den tekniske og maritime ramma. Det er vidare føreslått at dette ikkje er meint å vere ei årleg omfordeling, men må vurderast for 2016/17 og på nytt for 2017/18.



Arkivnr: 2015/11453-3  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	41/15	26.11.2015

### Tilbudsstruktur for Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2016/17

#### Samandrag

Rammetilskotet til Hordaland fylkeskommune som er gjeve over statsbudsjettet for 2016, er på om lag 80,2 millionar kroner. Fylkeskommunen har prioritert og justert for løns- og prisvekst, og gjeve ei ramme på om lag 86 millionar kroner. Helsefagskuletilboda ved Hordaland helsefagskole har normalt ikkje vore handsama saman med tilbudsstruktur for dei tekniske og maritime fagskuletilboda, men på grunn av økonomiske utfordringar ved helsefagskuletilboda vert det føreslått å handsame alle fagskulane samla i denne saka.

#### Forslag til vedtak

Tilbudsstrukturen for skuleåret 2016/17 vert vedteken slik det kjem fram av saka.

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 10.11.2015

Rammetilskotet til Hordaland fylkeskommune som er gjeve over statsbudsjettet for 2016, er på om lag 80,2 mill. Fylkeskommunen har prioritert og justert for løns- og prisvekst, og gjeve ei ramme på om lag 86 mill. Såleis har fylkeskommunen gjeve ein auke på 5,8 mill. ut over rammetilskotet frå staten. Etter at dei faste utgiftene til fagskuleområdet vert trekt frå, er det omlag 81 mill. til dimensjonering av tilbodsstrukturen. Av faste utgifter er det mellom anna trekt frå 2 mill. til husleige for Bergen maritime fagskole i samband med utviding av areal ved skulen som ikkje er eigd av Hordaland fylkeskommune. Ramma er omtrent på same nivå som i fjor, då det vart gjeve ei romslegare ramme enn tidlegare år. Studentsatsen vert i forslaget til tilbodsstruktur redusert frå kr. 86 500,- til kr. 86 000,-. Årsak til dette er innsparingar og auke i talet på studentar hausten 2015.

Helsefagskuletilboda ved Hordaland helsefagskole har normalt ikkje vore handsama saman med tilbodsstruktur for dei tekniske og maritime fagskuletilboda. Årsaka til dette er at helsefagskuletilboda vert drifta av tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet. Desse midlane er øyremerka til helsefagskuletilbod, og fylkeskommunane har delegert tilskotsmynde frå Helsedirektoratet. Både offentlege og private tilbydarar kan søkje, og det er Utval for opplæring og helse som fordeler midlane til tilbydarar som gjev tilbod til studentar i Hordaland. Tilbydarane får tilskot to gongar i året etter faktiske studenttal 1. mars og 1. oktober.

Ved Hordaland helsefagskole har det vore økonomisk utfordrande å drifta helsefagskuletilboda på grunn av stort fråfall like etter at tilboda har starta opp. I 2014 gjekk fagskulen med om lag 2 mill. i underskot, og i 2015 ser det ut til å verte eit underskot på om lag 2,2 mill. Skulen fekk ei styrking ved starten av året i 2015 på kr. 800 000, og underskotet ville ha vore på om lag 3 mill. dersom denne styrkinga ikkje vart gjeve. Dei 800 000 vart fordelt etter restmidlar frå fellesmidlar i 2014. Basert på dette vil administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrå at Hordaland fagskulestyre styrkar tilskotet til Hordaland helsefagskole for skuleåret 2016/17 med 2 mill. frå den totale ramma for Fagskolane i Hordaland. Dersom dette vert bestemt, vert det ein reduksjon i budsjettet til Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole i høve til tilbodsstrukturen for 2015/16. Det vil seie at begge skulane får i underkant av kr. 500 000 mindre til skuleåret 2016/17 enn i skuleåret 2015/16. Med denne innstramminga og auken i den totale ramma frå 2015 er det mogleg å omfordele 2 mill. for skuleåret 2016/17 for å sørgje for at det ikkje vert eit like stort underskot ved Hordaland helsefagskole dette året. Dette er ikkje tenkt å vere ei permanent ordning, men må vurderast for skuleåret 2016/17 og eventuelt 2017/18. Det vert også lagt fram ei eiga sak til styret i dette møtet om den økonomiske situasjonen ved Hordaland helsefagskole, der dei økonomiske tilhøva vert omtala meir saman med konkrete forslag til tiltak for å snu situasjonen ved helsefagskulen.

## Tilbodsstruktur for Fagskolane i Hordaland

Tabell 1 – Totaloversikt over tilbodsstruktur for teknisk og maritim fagskule

	OPPSUMMERT	vektning	Studentt al 1. år	omrekna til heilårsekvivalenter 1	2. År heiltid	Delkurs 2.år omrekna til	Delkurs 3.år omrekna	Sum Total	Merknad	Budsjett
642	BERGEN TEKNISKE FAGSKOLE		335,00	261,30	101,65	136,01	92,30	591,26		52 848 202,33
655	BERGEN MARITIME FAGSKOLE		180,00	180,00	157,30	0,00	0,00	337,30		29 007 800,00
	<b>Totalt Tekniske fag</b>		<b>515,00</b>	<b>441,30</b>	<b>258,95</b>	<b>136,01</b>	<b>92,30</b>	<b>928,56</b>		<b>81 856 002,33</b>

Tabellen over syner ei oppsummering av tilbodsstrukturen for Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2016/17. Det er lagt inn 5 % fråfall mellom første og andre skuleår for både Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole. Det er rimeleg å rekne med at det fell frå om lag 5 % mellom årstrinna. Tabellen syner vidare at det er rom for å ta opp 515 nye studentar (441,30 heiltidsekvivalentar) hausten 2016.

Den totale summen i budsjettet i tabellen over er noko høgare enn ramma etter fråtrekk av faste utgifter på 81 mill., og dette er fordi tilboda på Stord er lagt inn med ein fast sum på 2 mill. Dette er eksterne midlar som ikkje gjev utslag i sjølve ramma og dimensjoneringa av tilbodet totalt sett.

## Bergen tekniske fagskole

Tabell 2 – Tilbudsstruktur for Bergen tekniske fagskole

642	BERGEN TEKNISKE FAGSKOLE	vektning	Studentt al 1. år	heilårsekvivalenter 1 år	2. år heiltid	2.år omrekna til heilkurs	3.år omrekna til heilkurs	Sum Total	Merknad	Budsjett
	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	0,67	30	20,00	0,00	19,63	14,00	<b>53,63</b>		4 612 466,67
	KEM /Tak og fasade FTB03N	0,67	0	0,00	0,00	0,00	0,00	<b>0,00</b>	ikkje oppretta	-
	Bygg FTB01H	1,00	30	30,00	29,45	0,00	0,00	<b>59,45</b>		5 112 700,00
	Bygg FTB01N	0,67	30	20,00	0,00	20,27	18,67	<b>58,93</b>		5 068 266,67
	Automatisering FTE01H	1,00	0	0,00	16,15	0,00	0,00	<b>16,15</b>	ikkje oppretta	1 388 900,00
	Automatisering FTE01N	0,67	50	33,50	0,00	17,19	15,41	<b>66,10</b>		5 684 213,00
	Elkraft FTE03H	1,00	30	30,00	26,60	0,00	0,00	<b>56,60</b>		4 867 600,00
	Elkraft FTE03N	0,67	30	20,10	0,00	21,00	21,44	<b>62,54</b>		5 378 827,00
	Maskinteknikk FTT04H	1,00	30	30,00	29,45	0,00	0,00	<b>59,45</b>		5 112 700,00
	Maskinteknikk FTT04N	0,67	30	20,10	0,00	0,00	12,73	<b>32,83</b>		2 823 380,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11N	0,67	0	0,00	0,00	21,00	0,00	<b>21,00</b>	ikkje oppretta	1 806 387,00
	Prosessteknikk FTK01H	1,00	0	0,00	0,00	0,00	0,00	<b>0,00</b>	ikkje oppretta	-
	Prosessteknikk FTK01N	0,67	30	20,10	0,00	19,10	10,05	<b>49,25</b>		4 235 070,00
	Maskin/Elkraft på Stord	1,00	0	0,00	0,00	0,00	0,00	<b>0,00</b>	"Konstant"	2 000 000,00
	Drift og sikkerhet FTD02H	1,00	0	0,00	0,00	0,00	0,00	<b>0,00</b>	ikkje oppretta	-
Hjeltnes	Arborist FPS01D	0,50	15	7,50	0,00	0,00	0,00	<b>7,50</b>		645 000,00
Fus/Aust.	Akvakultur FPH01N	0,67	0	0,00	0,00	0,00	0,00	<b>0,00</b>	ikkje oppretta	-
Voss	Anlegg FTB02H	1,00	30	30,00	0,00	0,00	0,00	<b>30,00</b>		2 580 000,00
Voss	Anlegg FTB02N	0,67	0	0,00	0,00	17,82	0,00	<b>17,82</b>	ikkje oppretta	1 532 692,00
	<b>Total Bergen tekniske fagskole</b>		<b>335,00</b>	<b>261,30</b>	<b>101,65</b>	<b>136,01</b>	<b>92,30</b>	<b>591,26</b>		<b>52 848 202,33</b>

Tabell 2 syner at det er rom for å ta opp totalt 335 (261,30 heiltidsekvivalentar) nye studentar ved Bergen tekniske fagskole hausten 2016. Det er om lag 10 færre studentar enn vedteken tilbudsstruktur i mai 2015. Tilboda som er føreslått *ikkje oppretta* hausten 2016, er markert med raudt. Det er føreslått fleire endringar i høve til inneverande skuleår i forslaget til tilbudsstruktur. Endringane og tilboda som er føreslått *ikkje oppretta*, vert kommentert som følgjer:

- Klima, energi og miljø i bygg (KEM)/Tak og fasade, nett
  - o KEM/tak og fasade er ei utdanning med eit første studieår som tilsvarar KEM. Det er berre andre året som er ulikt. Desse utdanningane har nokre gongar alternert. Det er normalt flest søkjarar til KEM-lina, og denne vert føreslått oppretta hausten 2016 i staden for KEM/tak og fasade. Det er likevel mogleg for Bergen tekniske fagskole å gje eventuelle studentar som ønskjer det, høve til å velje *fordjuping med tak og fasade* andre året, dersom skulen har rom for det innafør si eiga ramme.
- Automatisering, heiltid
  - o Automatisering på nett og heiltid har vanlegvis vore fullteikna og sett i gang samtidig. Ved teljinga 1. oktober 2015 vart det derimot berre registrert 17 studentar ved heiltidstilbodet. Årsaka til dette er at tilbodet også går på Stord, og det er såleis svært god kapasitet på denne utdanninga i Hordaland. I tillegg ser ein på landsbasis at dette tilbodet har hatt ein nedgang hausten 2015, og årsaka til dette er gjerne at utdanninga er sterkt knytt til olje og gass-sektoren. På bakgrunn av dette vert det føreslått å *leggje ned* heiltidstilbodet for skuleåret 2016/17, medan tilbodet på nett vert auka til 50 studentar. Auken til 50 studentar på nett-tilbodet gjer at skulen kan variere med *ein* stor klasse eller å dele klassen i to mindre grupper avhengig av undervisningsform. Dette grepet i tilbudsstrukturen vil også bidra til å føreta den føreslåtte innsparinga i høve til helsefagskuletilboda.
- Maskinteknikk med ISO, nett
  - o Bergen tekniske fagskole har godkjenning for både Maskinteknikk nett og heiltid og Maskinteknikk med ISO på nett. Dei to nett-tilboda pleier å alternere, og i fjor vart Maskinteknikk med ISO starta opp. Det er derfor føreslått at Maskinteknikk med ISO *ikkje* vert starta opp hausten 2016, men at Maskinteknikk på nett og heiltid vert starta.
- Prosessteknikk, heiltid
  - o Prosessteknikk på heiltid vert vanlegvis *ikkje oppretta* ved Bergen tekniske fagskole, i staden har tilbodet Prosessteknikk på nett vorte starta opp. Dette har samanheng med

næringane ein rekrutterer frå, og at ein når breiare ut ved å tilby eit nett-tilbod enn eit heiltidstilbod. Det vert på bakgrunn av dette føreslått å vidareføre denne strukturen ved å *ikkje opprette* tilbodet Prosessteknikk på heiltid.

- Drift og sikkerhet, heiltid
  - o Dette tilbodet har ikkje vore sett i gang på mange år. Tilbodet har ikkje vore etterspurt, og utdanningsplanen er utdatert. Det vert derfor føreslått at tilbodet Drift og sikkerhet *ikkje vert starta opp*.
- Akvakultur, nett
  - o Akvakultur på nett har berre vorte starta opp ein gong. Det har vore gjort mange forsøk på å rekruttera til dette tilbodet etter første kull utan at det har lukkast. Planen er ikkje oppdatert med nye læringsutbyttebeskrivingar, og det er på bakgrunn av desse tilhøva *ikkje tilrådd* at Akvakultur på nett vert oppretta hausten 2016.
- Anlegg, nett
  - o Etter tidlegare vedtak i fagskulestyret skal tilboda Anlegg på nett og Anlegg på heiltid ved studiestaden Voss alternere annakvart år. Hausten 2015 vart det starta opp ein nett-klasse, og det er derfor føreslått å starta opp Anlegg på heiltid hausten 2016.

### Bergen maritime fagskole

Tabell 3 – Tilbudsstruktur for Bergen maritime fagskole

655	BERGEN MARITIME	veking	Studenttal 1. år	heilårsekvivalenter 1 år	2. År heiltid	2.år omrekna til heilkurs	3.år omrekna til heilkurs	Sum Total	Merknad	Budsjett
	Maskinoffiser FTM02H	1	30	30,00	26,60	0,00	0,00	<b>56,60</b>		4 867 600,00
	Dekksoffiser FTM01H	1	30	30,00	26,60	0,00	0,00	<b>56,60</b>		4 867 600,00
	Boring FTP01H	1	60	60,00	50,35	0,00	0,00	<b>110,35</b>		9 490 100,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	1	30	30,00	23,75	0,00	0,00	<b>53,75</b>		4 622 500,00
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	1	30	30,00	30,00	0,00	0,00	<b>60,00</b>		5 160 000,00
	<b>Total Bergen maritime vgs</b>		<b>180,00</b>	<b>180,00</b>	<b>157,30</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>337,30</b>		<b>29 007 800,00</b>

Tabell 3 syner at det er rom for å ta opp totalt 180 nye studentar ved Bergen maritime fagskole hausten 2016. Det er ikkje føreslått endringar i tilbudsstrukturen ved Bergen maritime fagskole for skuleåret 2016/17. Sjølv om det ikkje er gjort endringar i strukturen, er det også ved Bergen maritime fagskole tatt grep for å spare inn midlar. Det er som nemnt lagt inn eit forventa fråfall mellom første og andre skuleår hausten 2016, og dette vil måtte følgje kullet vidare dersom denne strukturen vert vedteken. Det vil seie at dersom skulen får lågare fråfall enn forventa, vert ikkje ramma auka. Det er ikkje lagt inn eit forventa fråfall ved studiestaden Austevoll av di dette ville gjort reduksjonen ved Bergen maritime fagskole større enn naudsynt.

### Hordaland helsefagskole

Det vert som nemnt tidlegare føreslått at Hordaland helsefagskole vert tildelt ei ramme på 2 mill. som skal vere ei styrking til helsefagskuletilbodet for å hindra underskot skuleåret 2016/17. Skulen må likevel arbeide for størst mogleg økonomisk balanse innanfor midlane frå Helsedirektoratet, og dersom den økonomiske situasjonen betrar seg i skuleåret 2016/17, kan noko av midlane førast tilbake til tekniske og maritime fagskuleutdanningar.



Arkivnr: 2015/11453-2  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	42/15	26.11.2015

### Kvalitetsmelding for Fagskolane i Hordaland - skuleåret 2014/15

#### Samandrag

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga har gjennomført dei årlege skulebesøka ved Fagskolane i Hordaland med oppfølging av årsmeldingane for skuleåret 2014/15 som fagskulane leverte til styret i september. Skulebesøka vart gjennomført i tråd med kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland. I følgjande kvalitetsmelding vert det først gjeve eit oversiktsbilete i høve til statistikk om studentar ved fagskulane. Deretter vert det gjeve ei oppsummering frå skulebesøka, og til slutt vert det sett på måla som Hordaland fagskulestyre har vedteke for Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2014/15. Basert på kvalitetsmeldinga set fagskulestyret nye mål for skuleåret 2015/16.

#### Forslag til vedtak

1. Hordaland fagskulestyre tek kvalitetsmeldinga til etterretning.
2. Følgjande kvalitetsmål vert vedteke for Fagskolane i Hordaland skuleåret 2015/16:
  - Fagskolane i Hordaland skal arbeide aktivt og systematisk for å:
    - o redusere fråfallet mellom første og andre semester
    - o utvikle eit positivt og godt læringsmiljø, og oppnå ein gjennomsnittskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6 i høve til studentane sin tilfredsheit med det totale læringsmiljø.
  - o
3. Fagskulestyret ber om at skulane også utarbeider eigne kvalitetsmål for den einskilde fagskule for skuleåret 2015/16, og legg dei fram for styret 26. januar 2016.
4. Basert på dei overordna kvalitetsmåla for Fagskolane i Hordaland og dei einskilde kvalitetsmåla ber fagskulestyret skulane om å utarbeide ein utviklingsplan for korleis dei skal nå måla. Utviklingsplanen skal også leggjast fram for styret 26. januar 2016.

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 05.11.2015**

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga har gjennomført dei årlege skulebesøka ved Fagskolane i Hordaland med oppfølging av årsmeldingane for skuleåret 2014/15 som fagskulane leverte til styret i september. Skulebesøka vart gjennomført i tråd med kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland. I følgjande kvalitetsmelding vert det først gjeve eit oversiktsbilete i høve til statistikk om studentar ved fagskulane. Deretter vert det gjeve ei oppsummering frå skulebesøka, og til slutt vert det sett på måla som Hordaland fagskulestyre har vedteke for Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2014/15.

### Statistikk om studentar ved Fagskolane i Hordaland

Statistikken i dette avsnittet er henta frå *Database for statistikk om høgre utdanning* (DBH). Tabell 1 under syner studenttal frå teljingane per 1. mars og 1. oktober frå 2012 til 2015. Hausten 2014 var det registrert 1230 studentar ved Fagskolane i Hordaland, medan det var registrert 1060 aktive studentar våren 2015, og det er desse studentane som har gjennomført studentevalueringane som årsrapportane baserar seg på.

Tabell 1 – Tal på studentar haust og vår 2012 til 2015.

	2012		2013		2014		2015	
	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
<b>Tal studentar</b>	<b>901</b>	<b>1093</b>	<b>1024</b>	<b>1160</b>	<b>1098</b>	<b>1230</b>	<b>1060</b>	<b>1161</b>

Hausten 2015 starta det opp 1161 studentar, og dette er ein nedgang på om lag 6 % i høve til talet på studentar som starta opp hausten 2014 (1230 studentar). Vidare syner tabell 1 at det var eit fråfall på om lag 14 % frå hausten 2014 til våren 2015, men dette er ikkje heilt korrekt, fordi tilboda på Stord normalt har starta opp og vorte fullført i januar månad. I januar 2015 fekk 32 studentar frå Stord-tilbodet vitnemål etter to år i utdanning. Justert for dette tilhøvet er det reelle fråfallet på om lag 11 %. Det er vanleg at det fell frå ein del studentar i løpet av fyrste eller andre semester, og eit fråfall på 11 % er innanfor normalen. Det er ofte fyrste semester som har størst fråfall i høve til feilval, manglande støtte frå arbeidsgjevar (helsefagskule) og liknande.

Tabell 2 – Heiltidsekvivalentar haust og vår 2012 til 2015.

	2012		2013		2014		2015	
	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
<b>Tal studentar</b>	<b>742,22</b>	<b>911,56</b>	<b>857,64</b>	<b>979,65</b>	<b>896,98</b>	<b>1016,71</b>	<b>887,54</b>	<b>967,59</b>

Tabell 2 over syner talet på studentar rekna om til heiltidsekvivalentar innanfor same periode som tabell 1. Det er berre Bergen tekniske fagskole og Hordaland helsefagskole som har deltidsstudentar. Sistnemnde skule har berre deltidsstudentar, medan Bergen tekniske fagskole har studentar både på heiltid og deltid. Dersom ein går inn i tala hos DBH og ser på del av heiltid og del av deltid ved Bergen tekniske fagskole, ser ein at det hausten 2015 var ein større del deltid (65 %) enn del heiltid (35 %).

Diagram 1 – Tal på studentar fordelt på fagområde hausten 2014




Diagram 2 – Tal på studentar fordelt på fagområde hausten 2015




Diagram 1 og 2 over syner fordeling av studentar på dei ulike fagområda; tekniske fag, maritime fag, helsefag og grønne fag hausten 2014 og 2015. Som ein ser av diagramma, er del av studentar på tekniske fag og grønne fag like stor kvart av desse åra, medan maritime fag og helsefag har hatt ein liten nedgang i 2015. I høve til auke i tal på studentar ved maritime fag er det ved Bergen maritime fagskole, studiestad Austevoll det har vore ein auke. Fagområdet innan tekniske fag gjeld alle studentar ved Bergen tekniske fagskole (utanom Arborist, som er grønne fag) og petroleumstudentane ved Bergen maritime fagskole.

Tabell 3 – tal på kvinner ved tekniske og maritime fag

	2012		2013		2014		2015	
	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
<b>Tal studentar</b>	41	55	48	68	56	74	61	75

Tabell 4 – tal på menn ved helsefag

	2012		2013		2014		2015	
	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
<b>Tal studentar</b>	0	2	8	7	7	5	3	5

Tabell 3 over syner tal på kvinner ved tekniske og maritime fag, og tabell 4 syner tal på menn ved helsefag. Tabell 3 syner at det har vore ein auke i talet på kvinnelege studentar innan tekniske og maritime fag, men det har også vore ein auke på det totale talet på studentar i same periode, sett vekk i frå hausten 2015 kor det var ein nedgang frå året før (tabell 1). Mellom hausten 2012 og hausten 2015 har del av kvinner auka

med 36 % ved tekniske og maritime fag. Den største auken i kvinnelege studentar er ved Bergen tekniske fagskole.

Diagram 3 og 4 under syner dei største fagskulefylka innan offentlege tilbod i høve til kvarandre. Hordaland har lenge vore størst i høve til offentlege fagskulestudentar, og diagramma under syner at Hordaland framleis er størst. Likevel syner tala bak diagramma at Hordaland og Rogaland har hatt ein nedgang i studenttalet frå 2014 til 2015, medan Oslo og Oppland har hatt ein auke (kjelde: DBH-f). Ei årsak til nedgangen på Vestlandet ser ut til å henge saman med den type industri og næringsliv regionen har mest av; olje- og gassbaserte næringar og maritime næringar, medan Oslo og Oppland har betrakteleg færre av desse tilboda.

Diagram 3 – Sammenlikning av studenttal ved dei største fagskulefylka (offentlege) haust 2014





Diagram 4 – Sammenlikning av studenttal ved dei største fagskulefylka (offentlege) haust 2015



### Oppsummering frå skulebesøka

Administrasjonen ved Opplæringsavdeling har vore på skulebesøk med oppfølging av resultat i årsmeldingane ved Fagskolane i Hordaland, og vidare vert det gjeve ei oppsummering frå besøka.

#### Tilhøve som går igjen ved dei tre fagskulane

1. Ved dei tre fagskulane var det nokre einskilde emne eller utdanningar som fekk gjennomgåande låg skåre. Fagskulane syner at desse problemstillingane vert tekne seriøst, og at skulane har gode oppfølgingsrutinar. Fagskulane syner også at dei har god forståing for og innsyn i eigne resultat i høve til dei tilbakemeldingane studentane og undervisningspersonalet gjev.
2. Studentane ved Fagskolane i Hordaland gjev låg skåre på spørsmål om fagskulane sin grad av samarbeid med næringa, og dette er eit resultat som har gått igjen i fleire år.
  - a. Sjølv om studentane gjev låg skåre på grad av samarbeid med aktuelt næringsliv, syner fagskulane at dei har eit godt og utstrekt samarbeid med næringslivet i høve til både ekskursjonar, førelesarar frå næringane, samarbeidsavtalar og samarbeid mellom studentar og næringane i høve til hovudprosjektet eller praksis. Fagskulane har sett i verk fleire ulike tiltak for å auke studentane sin tilfredsheit i høve til skulane sitt samarbeid med næringslivet.
  - b. Det vart diskutert ved skulebesøka om spørsmålet er spissa nok. Det er ønskjeleg å finne ut om utdanningane har høg yrkesrelevans og om aktuelt næringsliv har innverknad på vidareutvikling og kvalitet i utdanningane. Studentane har gjerne ulike oppfatningar i høve til kva det vert spurt om i undersøkinga når ein spør om grad av samarbeid med næringslivet. Til døme kan studentane tenke at skulen skal ha avtalar med næringslivet om tilrettelegging frå arbeidsgjevar i studiesituasjonen, noko som det ikkje er naturleg at skulen skal ta ansvar for.
  - c. Fagskulane vil på bakgrunn av punkta over:
    - i. Sjå på spørsmålet om samarbeid med næringslivet i høve til å spisse formuleringa.
    - ii. Informere meir aktivt til studentane om kva samarbeid skulane har med næringane.
3. I høve til fråfall i utdanningane merkar skulane at næringslivet føretek nedbemanning og permitteringar. Dei studentane som studerer på deltid ved sida av arbeid og som vert nedbemanna eller permittert, kan ikkje fortsette utdanninga fordi NAV ikkje vil gje dagpengar dersom studentane har høgare studiebelastning enn 50 %. Fagskuletilboda ved Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole som gjev tilrettelegging for at studentane kan vere i arbeid ved sida av studiet, har høgare enn 50 % studiebelastning.

#### Oppsummering frå skulebesøk ved Bergen maritime fagskole

Skulebesøket vart i år gjennomført i samband med *Verksemdbasert vurdering* (VBV) ved Bergen maritime videregående skole. Dette var lærerikt i høve til å få oversikt over heile skuledrifta ved Bergen maritime, og administrasjonen vil vurdere om dette skal gjentakast på same måte neste år.

Bergen maritime fagskole syner at dei arbeider godt med tilbakemeldingane frå studentane. Studentane er i høve resultat i undersøkinga stort sett nøgde med utdanningstilbodet og infrastruktur ved skulen. Studentane ved dei petroleumstekniske tilboda er meir nøgd med undervisningsutstyr enn studentane ved dei maritime utdanningane. Årsak til dette er at skulen har svært godt og moderne utstyr innan petroleum. Ved dei maritime utdanningane er det kjøpt inn ny bru-simulator, men denne har vore forseinka, og dette er nok årsaka til at studentane er mindre nøgde. Ved studiestaden Austevoll vart det kjøpt inn ein ny bru-simulator i skuleåret 2014/15, og dei maritime studentane her er meir nøgde med utstyret enn i Bergen.

Svarprosenten i studentevalueringa ved Bergen maritime fagskole er noko låg. Leiinga ved skulen meiner at det har skjedd ein teknisk feil ved bruk av ny programvare, og at svarprosenten skulle ha vore noko høgare. Likevel vil skulen innføre at studentevalueringa vert gjennomført i skuletida for å auke svarprosenten til neste år.

Bergen maritime fagskole syner at samanslåinga med tidlegare Austevoll maritime fagskule har vore vellukka. Det er gode synergjar i høve til utveksling av personell og kompetanse på tvers av studiestadene.

#### Oppsummering frå skulebesøk ved Bergen tekniske fagskole

Bergen tekniske fagskole syner at dei arbeider svært godt og systematisk med resultatane frå studentundersøkingane. Det er svært høg svarprosent på om lag 75 % ved studentevalueringa og 92 % ved lærarevalueringa. Studentane gjennomfører evalueringa i skuletida, noko som gjer at svarprosenten vert høg.

I høve til gjennomføring og fråfall er det spesielt *ei* utdanning som skil seg ut frå dei andre, og dette er prosessutdanninga. Ei årsak til dette er at ved prosessutdanninga vert studentar rekruttert frå eit mykje breiare fagfelt enn ved dei andre tilboda. På bakgrunn av dette er det ein del studentar som sluttar fordi utdanninga ikkje var det dei hadde forventa. Skulen vil sjå på utdanningsplanen i høve til å kunne nå breiare ut fagleg for betre å imøtekome den ulike bakgrunnskompetansen til studentane ved denne lina.

I høve til låg skåre på samarbeid med næringsliv som er nemnt tidlegare, ser ein av resultatane i undersøkinga til studentane at det er lågare skåre ved fyrste studieår enn ved andre studieår. Dette er naturleg fordi det er meir samarbeid med aktuelt næringsliv det andre studieåret, både i høve til ekskursjonar og til avsluttande hovudoppgåve. Studentane ved studiestaden Stord er betrakteleg meir nøgde med samarbeidet skulen har med næringa, og årsaka til dette er gjerne at samarbeidet er svært tydeleg for desse studentane.

I studentevalueringa er det noko låg skåre i høve til infrastruktur ved Bergen tekniske fagskole, men resultatane er knytt til skuleåret i tidlegare bygg i Strandgaten. Studentar og tilsette ser ut til å vere godt nøgde med å ha flytta inn i gamle Sjømannsskolen i Haugeveien på Nordnes.

#### Oppsummering frå skulebesøk ved Hordaland helsefagskole

Studentane gjev i hovudsak svært gode tilbakemeldingar i studentevalueringa, og skulen syner at dei arbeider godt og systematisk med både gode og negative resultat.

Studentevalueringa syner at studentane gjennomgåande gjev låg skåre i høve til det fyrste emnet ved utdanningstilboda. Det fyrste emnet innan helsefaga er likt på tvers av utdanningane og er derfor ein generell del. I tillegg er fyrste emnet meir krevjande for mange som ikkje har teke tilsvarende utdanning tidlegare. Skulen vil sjå på om det er mogleg å spisse delar av dette emnet for å kome nærare den spesialiseringa den einskilde student har valt. Skulen skal også endre eksamensform frå skuleeksamen til mappeevaluering for å gje studentane ein mjukare start utan å redusere på studiekrava.

Hordaland helsefagskole har ein god del sluttarar i starten av skuleåret kvart år. Prosentvis er ikkje talet alltid høgt, men av di det er små klassar, merkar ein det godt når nokon sluttar. Fråfallet får også store økonomiske konsekvensar. Av dei studentane som fullfører andre året, er gjennomføringsgraden mykje høgare, og i skuleåret 2014/15 fekk alle som gjekk opp til avsluttande eksamen bestått-karakter.

### **Kvalitetsmål for Fagskolane i Hordaland**

Følgjande mål for Fagskolane i Hordaland vart vedteke av fagskulestyret for skuleåret 2014/15:

#### Gjennomstrømming og fullført utdanning

- Det er eit mål å auke gjennomstrømminga ved Fagskolane i Hordaland.
- Det er eit mål å auke talet på studentar med fullført utdanning.

#### Det totale læringsmiljø

- På spørsmål om det totale læringsmiljø i studentevalueringa er det eit mål å ha ein gjennomsnittskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6.

#### Gjennomstrømming og fullført utdanning

Grunnlagsdata på gjennomstrømming og fullført utdanning vert henta frå DBH. I datagrunnlaget er det ikkje mogleg å sjå om studentar sluttar i utdanninga på eit tidspunkt og kjem tilbake og fullfører seinare, og det er derfor ikkje så gode mål på dette. Likevel kan ein av studentdata frå DBH sjå at det var eit fråfall på 5 % frå hausten 2013 til våren 2014, medan det var eit fråfall på 11 % frå hausten 2014 til våren 2015. Auken i fråfallet kan henge saman med svingingar i marknaden, men likevel bør ein sjå nærare på kva som er årsak og korleis ein kan motverke ein ytterlegare auke i fråfallet.

I høve til å auke talet på fullført utdanning tek ein utgangspunkt i talet på bestått utdanning kvart kalenderår. Årsaka til dette er at nokre studentar ikkje består endeleg eksamen om våren, men tek eksamen opp att om hausten. I 2013 var det 338 studentar som fekk bestått utdanning, medan det i 2014 var 444 studentar som fullførte og bestod. Dette utgjør ein auke på 31 % frå 2013 til 2014. I same periode gjekk studenttalet opp med 6 %.

#### Det totale læringsmiljø

Fagskolane i Hordaland fekk følgjande gjennomsnittsskåre på kor nøgd studentane er med det totale læringsmiljøet på skulen:

- Bergen tekniske fagskole	4,0
- Bergen maritime fagskole	4,0
- Hordaland helsefagskole	4,8

Hordaland helsefagskole syner eit svært godt resultat i høve til læringsmiljøet, og har ein gjennomsnittsskåre som er høgare enn nedre kvalitetsmål på 4,5. Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole skårer under angitt kvalitetsmål med eit snitt på 4,0. Resultatet er likevel godt med tanke på at begge skulane har hatt ulike utfordringar i høve til infrastruktur. Ved Bergen maritime har det vore ein omfattande ombyggingsprosess, og Bergen tekniske har hatt lokale som var for små i høve til kor stor verksemda har blitt dei siste åra.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå at følgjande kvalitetsmål vert sett for skuleåret 2015/16:

- Fagskolane i Hordaland skal arbeide aktivt og systematisk for å:
  - o redusere fråfallet mellom første og andre semester
  - o utvikle eit positivt og godt læringsmiljø, og oppnå ein gjennomsnittsskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6 i høve til studentane sin tilfredsheit med det totale læringsmiljø.

PS 43/15 Ymse